



**Ullensvang
kommune**

Oppvekst og utdanning

INFORMASJON OM KARTLEGGJINGSVERKTY DIGITAL - TRAS



Fra 2021 blir alle barnehager pålagt å kartlegge norskkunnskapene til barna. Ullensvang kommune har valt å nytta TRAS som kartlegging fram til det finst eit kartleggingsverktøy frå utdanningsdirektoratet.

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/en-av-tre-barnehager-kartlegger-alle-barns-norskkunnska-per/id2688548/>

Vi nyttar eit digitalt system for registrering av observasjonane, med moglegheit for å registrera på papir. Før me kan nytta den digitale versjonen på det enkelte barn, treng me eit samtykke frå føresette.

I Visma sin app Min barnehage, er det no lagt inn funksjonalitet for å gje samtykker. Vi vil derfor leggje inn Samtykke til bruk av digital TRAS der.

Det vil vera mogleg å logga inn i appen for å gje samtykke frå og med dato; 21. september 2020.

TRAS - Observasjon av språk i dagleg samspill - er eitt pedagogisk observasjonsverktøy som skal brukast til å observera språkutviklinga til barn. I tillegg skal det bidra til kompetanseutvikling blant dei barnehagetilsette våre ved at dei blir meir bevisst på kva fremgangsmåter, forklaringar og utfordringar som påverkar utviklinga til barn.

Korleis bruker vi materialet?

I det pedagogiske arbeidet observerer vi barna dagleg i leik og aktivitetar. Gjennom desse observasjonane kan vi sjå om barna meistrar dei språklege evnene som skjemaet spør etter. Nokon gonger kan det ta tid og krevja større innsats frå både personal og foreldre, og kanskje er det nødvendig med hjelp og rettleiing frå logoped eller spesialpedagog (PPT).

Kvart TRAS skjema blir behandla konfidensielt, og det blir ikkje levert til andre utanfor barnehagen utan at føresette gjev løyve. Dette gjeld og når barnet skal over i skulen.

Det er pedagogisk leiar som er ansvarleg for at barnet blir observert på ein god og rett måte. Føresette er viktige samarbeidspartnarar i TRAS arbeidd, og TRAS er ein naturleg del av foreldresamtalene. Dei kan ha gode innspel på det vi ser etter hos barnet, og er dei næraste til å stimulera barnet på ein god måte.

Opplysningane som blir registrerte i TRAS-skjemaet vil berre vera tilgjengelege for pedagogane til barnet, leiinga og barnets føresette.

Føresette kan til kvar tid krevja innsyn i TRAS skjema til sitt barn. Opplysningane vil bli sletta eit år etter at barnet har slutta ved barnehagen vår.

Vi gjer oppmerksom på at eit slikt samtykke når som helst kan trekkast tilbake.